

**INSPEKSJON VED
Stolt Sea Farm A/S
Kvingo, Masfjorden****RAPPORT
NR. 4/01**

Bedriftens adresse: 5981 Masfjordnes **Arkivkode:** 01/12452 - 542.1
Utslippstillatelse av: 18.06.85 **Forrige kontroll:**
Kontrollklasse: **Tidsrom for kontrollen:** 20.09.01
Tilstede fra bedriften: Helge Daae **Inspektør:** Nina Skjeggstad
Andre tilstede:

Rapportens innhold :

Denne rapporten skildrar dei avvik og observasjonar som vart avdekka innan følgjande kontrollerte område.

- Produksjonsstorleik
- Internkontroll
- Avfallshandtering
- Rømingssikring

Hovudkonklusjon :

Det vart funne følgjande avvik frå gjeldande krav gjeve i utsleppsløyvet av 18.06.85, heimla i forureiningslova:

Verksemda har eit vesentleg brot på utsleppsløyvet i form av ein stor overproduksjon med dertil for stort utslepp av organisk materiale i høve til løyve.

Avviket er brot på utsleppsløyvet datert 18.06.85, gjeve i medhald av *Lov om vern mot forurensningar og om avfall* (forureiningslova), § 11, jf. § 16.

Utarbeidet dato :**Godkjent dato:**

Sign.:

Sign.:

Inspektør

Seksjonsleder

1. Innledning

Rapporten er utarbeida etter ein kontroll ved Stolt Sea Farm A/S sitt setjefiskanlegg Kvingo i Masfjorden kommune 18.09.01. Kontrollen inngår som ein del av Fylkesmannen sitt arbeid med å handheve gjeldande krav med omsyn til vern av det ytre miljø. Kontrollen fokuserer på overhalding av krav og rapporten skildrar eventuelle avvik og observasjonar (merknader) som vart avdekka under kontrollen.

Rapporten gjev såleis ingen fullstendig vurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Stolt Sea Farm AS, Kvingo, har utsleppsløyve gjeve av Statens forurensningstilsyn 18.06.85.

Inspeksjonen vart gjennomført med bakgrunn i gjennomgang av verksemda sine miljøårsrapportar for dei siste åra. Av rapportane går det fram at verksemda har hatt ein produksjon på om lag 170 tonn per år i middel i perioden 1995-2000, samt eit fôrforbruk på om lag 210 tonn per år i same periode. Verksemda har i dag løyve for ein produksjon på 1.000.000 stk. sjødyktig setjefisk, noko som ved ein middel smoltstorleik på 100 g og fôrfaktor på 1, gjev ein biomasse på 100 tonn. Dette er standard omrekningsmåte frå eit tal på fisk til biomasse, ein metode som er naudsynt for fylkesmannen for å få eit bilete på utslepp frå verksemda.

Sjølv om det i gjeldande løyver ikkje er sett noko tak på produsert biomasse per år, set det tal på produsert sjødyktig setjefisk som er gjeve i alle løyver for verksemda, ei viss grense også for dette. Ein smoltstorleik på 100 g og fôrfaktor på 1 er etter vår oppfatning ikkje unormale tal i denne samanheng, og vi finn det difor føremålstenleg å nytta desse tala ved handtering av utslepp frå setjefiskanlegg.

Definisjonar på eit avvik og ein merknad er som følgjer:

- **AVVIK** vert definert som brot på vilkår gjeve i utsleppsløyvet eller gjeldande lover og forskrifter, eller på bedrifta sine eigne prosedyrar og instruksar som har relevans for å ivareta det ytre miljø.
- **MERKNAD** er eit tilhøve som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik, men som fylkesmannen meiner det er rett å påpeike for å ivareta og forbetre det ytre miljø.

2. Dokumentunderlag

Dokumentunderlag for kontrollen var :

- Utsleppsløyve av 18.06.85
- Årsrapport for perioden 1995-2000
- Forskrift for internkontroll

3. Omfang

Følgjande område vart dekkja under inspeksjonen:

- Oppfølging av utsleppsløyvet datert 18.06.85 med bakgrunn i innsendte årsrapportar for perioden 1995-2000
- Status for internkontroll

Fylkesmannen har under inspeksjonen ikkje vurdert andre tilhøve/område av/ved bedrifta si verksemd.

4. Avvik

Ingen avvik vart funne under inspeksjonen, men følgjande avvik vart avdekkja gjennom årsrapportane:

Avvik 1: Verksemda har eit vesentleg brot på utsleppsløyvet i form av ein stor overproduksjon med dertil for stort utslepp av organisk materiale i høve til løyve.

Avviket er brot på utsleppsløyvet datert 18.06.85, gjeve i medhald av *Lov om vern mot forurensningar og om avfall* (forureiningslova), § 11, jf. § 16.

5. Andre tilhøve

Andre tilhøve som vart kontrollert var avfallshandtering og rømingssikringsstiltak, samt om verksemda har etablert eit internkontrollsystem. Det vart ikkje funne avvik på nokon av desse punkta.

6. Hovedkarakterisering av inspeksjonen

HOVEDKARAKTERISERING AV INSPEKSJONEN							
Kategori 0: Ingen påviste avvik	<input type="checkbox"/>	Kategori 1: Avvik	<input type="checkbox"/>	Kategori 2: Betydelige avvik	<input checked="" type="checkbox"/>	Kategori 3: Vurderes politianmeldt	<input type="checkbox"/>
KARAKTERISERING AV AVVIKENE	Kat. 1	Kat. 2	Kat. 3		Kat. 1	Kat. 2	Kat.3
1. Overskridelse av produksjonsrammer		X		5. Mangelfull egenkontroll/internkontroll			
2. Akutt forurensning, mangl. beredskap				6. Overutslipp (luft, vann, støy)			
3. Manglende teknisk utstyr				7. Utilfredsst. håndt. av avfall/kjemikal.			
4. Mangelfullt vedlikehold, kalibrering o.l.				8. Annet			